



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Vår referanse  
22/2500 23/21949


Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Thomas Winther Leira

Dato  
21.09.2023

## **Søknad om løyve til utslepp - Øvingsanlegg på Melsgjerdet i Ørsta - Gnr 46 bnr 55**

Vedlagt ligg søknad om utsleppsløyve for øvingsområde for brann og redning på Melsgjerdet i Ørsta, Gnr/Bnr 46/55. Det visast til vedlagt søknadsskjema <<Søknad om utsleppsløyve>> med tilhøyrande vedlegg.



Bakgrunnen for søknaden er at Ørsta brann og redning sitt noverande øvingsområde ikkje lenger fungera og ligg inne på flyplassområdet til Hovden lufthamn. Dette gir store restriksjonar på bruk og er ikkje formålstenleg for brann- og redningsvesenet eller flyplassen.

I reguleringsplanen for Melsgjerdet industriområde er det avsett eit areal til det nye øvingsområdet. Området har ei ideell plassering sett opp mot aktiviteten med eit slikt område. Det regulerte området ligg mellom FV 655 og Melsvegen, Sør for Ørstaelva.

Arealet som er regulert til brannøvingfelt er på totalt 10.3daa. Det visast til reguleringsplan (PLANID:20018004 – Melsgjerdet Industriområde), planbestemmelsar, risiko- og sårbarheitsanalyse og kart.

Ørsta brann og redning skal bruke øvingsområdet til øving for Ørsta brann og redning sine eigne mannskapar, andre naudetatar, frivillige organisasjonar, fleire kommunar/brannvesen og for bedrifter/institusjonar og liknande.

Sjølve området skal bestå av eit servicebygg, parkeringsplass, og fleire ulike område/installasjonar for brannøvingar. Øvingane på området omfattar varme røykdykkarøvingar i røykdykkerhus, overtenningsøvingar, oljebrann/slokke øvingar, bilbrann og gassøvingar m.m. I tillegg er det sett av eit område for mogleg utviding til eks. tungredning. Det visast til planteikning, datert 04.05.2023, M:1:750, vedlegg 7.

Den planlagde bruk av brannøvingområdet pr. år er (sjå vedlegg 1):

- Varme røykdykkerøvingar i røykdykkerhus (Varmeanlegg) ca. 60 øvingar
- Overtenningsøvingar (Varmeanlegg) ca. 30 øvingar
- Oljebrann/slokke øving (Dropplate) ca. 25 øvingar
- Bilbrann (Dropplate) ca. 10 øvinga

Vi har ikkje sett på dimensjonar på oljeutskiljar, filtreringstank og liknande, men desse vert dimensjonert med tilstrekkeleg kapasitet med god sikkerheitsmargin.

All aktivitet på anlegget er vurdert i ROS for anlegget. Der vert det vurdert kva utfordringar ein kan ha og kva tiltak ein bør iverksette både med fysiske tiltak og organisatorisk med kontroll og prosedyrar for bruk av anlegget. Anlegget vil verte implementert i kommunens internkontrollsystem.

Avløpsvatnet frå dropplate/Dieselbrann (20x20m betongplate) er sløkkevatn og restar etter oljeprodukt/slokke midlar og førast til sluk, vidare til oljeutskiljar og via pumpestasjon til kommunalt avløpsanlegg.

For andre øvingar på område for varmeanlegg der det vert brukt vatn, vil avløpsvatnet i hovudsak berre innehalde noko sot. Dette vatnet samlast opp på betongplater og er planlagt ført via ein filtertank og til kommunal overvassleidning. For å minske tilføringa av avløpsvatn til pumpestasjonen og det kommunale leidningsnettet/reinseanlegget er det svært ønskjeleg at dette vatnet kan førast via ein filtreringstank og til elv, sidan dette avløpsvatnet også inneheld regnvatnet som fell ned på betongplatene og kan utgjere nokså store vassmengder (regnvatn kan i spesielle tilfelle utgjere opptil 30-35 liter per sekund pr. 1000 m<sup>2</sup>).

Som følgje av krav til grunnopplæring ved tilsetting og krav til varmøving for alle røykdykkarar kvar år hastar det å få anlegget på plass. Særskilt sidan det næraste alternativet i dag ligg i Molde. Med bakgrunn i dette vil det planlagde øvingsområdet bli tatt i bruk så snart utsleppsløynet og andre nødvendige løyve er gitt og så snart området/anlegget er opparbeidd.

Med helsing

Thomas Winther Leira  
brannsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Vedlegg

Vedlegg 1 - Brannøvinga - Beskriving og omfang - 31.10.2022

Vedlegg 2 - Lokaliseringsalternativ vurdert ut ifrå miljøhensyn

Vedlegg 3 - Oversikt innsatsstoff

Vedlegg 4 - ROS-analyse - reguleringsplan

Vedlegg 5 - ROS-Analyse for Melsgjerde øvingsanlegg

Vedlegg 6 - Terrenskildring

Vedlegg 7 - Situasjonsplan\_revC

Vedlegg 8 - Reguleringsplan - Melsgjerdet industriområde - 2018004

Vedlegg 9 - Driftsjournal - Øvingsanlegg - Melsgjerdet - 12.12.2022

Vedlegg 10 - Forureiningjournal - Øvingsanlegg - Melsgjerdet - 03.02.2023

Søknadsskjema - Søknad om løyve til utslepp

## Brannøvingsområde – Planlagt bruk – Omfang pr. år

Øvingsanlegget er i hovudsak tenkt til å dekkje øvingsbehovet brann- og redningsvesenet har for øvingar som ikkje kan gjerast ute i samfunnet. Her under øvinga som varme røykdykkerøvingar, oljebrann/sløkkeøvingar, bilbrann, gassbrann og andre øvingar som krev særskilde installasjonar.

Sidan dette er så spesielt behov ser vi heilskapen i det og vil opparbeide ei område som kan sørve flest mogleg av våre øvingsbehov og flest mogleg av dei som har dette behovet/kravet i vår region.

Under er det ei utgreiing av dei ulike øvingane som har betydning for utsleppsløyyet. Estimeringa under tek utgangspunkt i bruk i det omfanget vi ser for oss anlegget har potensiale til å ha. I starten vil belastinga vere vesentleg lågare.

### Varme røykdykkerøvingar i røykdykkerhus

(Varmeanlegg)

Varme røykdykkerøvingar gjeld øving der røykdykkarar får gjennomføre , i hovudsak søk, men også sløkking i reel brannrøyk. Anlegget vert eit gassanlegg for å gjere det mest mogleg skånsamt og kontrollerbart.

Øvingsmengda her er basert på kravet til årleg varmt røykdykk etter røyk- og kjemikaliedykker rettleiinga, røykdykkerkurs for nyttilsette og litt tilleggskapasitet for evt. større behov enn føresett før anlegget står ferdig og ein ser den faktiske etterspørselen .

Med bakgrun i vårt eige behov og eit estimat av nabobrannvesen/industrivern/o.l sine behov har vi landa på 60 øvinga pr. år.

### Overtenningsøvingar

(Varmeanlegg)

Overtenningsøvingar gjeld øvingar der røykdykkarar får øve på overtenning, med varmpåkjenning og for å lære å sjå korleis røyken oppfører seg ved høge temperaturar, samt varmpåkjenning på kroppen. Anlegget vert eit gassanlegg for å gjere det mest mogleg skånsamt og kontrollerbart.

Med bakgrunn vårt eige behov og eit estimat av nabobrannvesen/industrivern/o.l sine behov har vi landa på 30 øvingar pr. år.

### Oljebrann/sløkkeøving

(Dropplate)

Oljebrann/sløkkeøving er øvinga der ein øver på sløkking av ulike stoffer, ofte oljebaserte produkt som bensin/diesel men også sløkking med brannskum.


Ørsta har fleire verksemder som nyttar farleg stoff i sin produksjon. Med bakgrun i dette har Ørsta brannstasjon kjemikaliedykkerteneste. Desse har eit krav i forskrift om skarp øving på kjemikaliar. Det same har fleire andre brannvesen i vår region.

Med bakgrun vårt eige behov og eit estimat av nabobrannvesen/industrivern/o.l , samt slokke øvingar i forbindelse opplæring av verksemder/institusjonar sine tilsette har vi landa på 25 øvingar pr. år.

### Bilbrann

(Dropplate)

Brannvesenet rykker jamleg ut til bilbrannar, med bakgrun i dette må brannvesenet øve på reelle bilbrannar for å tileigne seg kunnskap og halde ved like. Køyretøya vert i hovudsak tømt for drivstoff, kjølevæske, olje og liknande i forkant.



Ørsta har i løpet av det siste tiåret i snitt hatt 3 brannar i køyretøy pr. År. jf. BRIS.no

Med bakgrun vårt eige behov og eit estimat av nabobrannvesen/industrivern/o.l sine behov har vi landa på 10 øvingar pr. År.

### Oppsummert

Øvingstype	Tal øvingar pr. År.
Varmt røykdykk	60
Overtenningskonteinar	30
Oljebrann/sløkkeøving	25
Bilbrann	10

## Vurdering av lokalisering

Ved lokalisering av eit brannøvingsanlegg er det mange hensyn å ta for at arealet skal verte tenneleg for brukarane, samtidig som det er tilpassa området og aktiviteten vi planlegg for.

Arealet må vere stort nok til å ha plass til alle dei installasjonane vi har behov for på ein forsvarleg måte med tilstrekkeleg avstandar mellom for å sikre enklast mogleg drift av anlegget. Samtidig må vi ha moglegheit til å tilpassast dei miljømessig sikringane anlegget krev.

Området må vere tilpassa denne typen verksemd, slik at det ikkje vert for stor belastning for dei som bur, jobbar og oppheld seg i området.

Arealet må ligge relativt sentralt plassert, slik at flest mogleg kan få størst mogleg nytte av anlegget. Samtidig er det ein fordel for Ørsta om anlegget vert plassert slik at hovudbrannstasjonen i Ørsta har moglegheit til å nytte den i størst mogleg grad innan for krav til innsatstider. Særskilt sidan Ørsta er nær krav om brannkonstablar på heiltid. Heiltids brannkonstablar vil naturleg ha større behov og moglegheit til øving.

## Alternativa

Det har tidleg i prosessen vore sett på fleire plasseringar. I første omgang var det grovsortert kva areal som fantast i område til industri/næring og kva areal som var eigna med tanke på plassering.

Til eks. er Mosflata industriområde vurdert som ueigna ut i frå nærheita til sentrum og aktiviteten knytt til skulane, idrettsanlegga og uteaktivitetane i området.

Etter grovsorteringa stod vi att med Furene, Hovden og Melsgjerdet.



## Furene

Reguleringsføremål: Industri


Bustadbebyggelse rundt: Tettbygd strøk - tettstaden Mork



Området er regulert til industri og ligg i tettstaden Mork i Volda kommune. Om lag midt mellom Ørsta og Volda. Området er utbygd med mykje detaljhandel og ein del industri. Området ligg rett ved E39 og i innflyginga til Volda Ørsta lufthamn.

Området har ikkje nokon særskilde andre kvalitetar som kan nyttast i øvingsamanheng.





### Furene IFK 9

Fordelar	Ulemper
Sentralt plassert midt mellom Ørsta/Volda	Meir støysensitivt område samanlikna med andre alternativ – Bustadar og detaljhandel
	Nært E39
	Innflygingszone til flyplassen
	Utanfor krav til innsatstid alle brannstasjonar



## Hovden

Reguleringsføre mål: Industri/lager

Bustadbebyggelse rundt: Tettbygd strøk – Tettstaden Ørsta




Området er regulert til industri og ligg i tettstaden Ørsta i Ørsta kommune. Om lag midt mellom Ørsta og Volda. Området er utbygd med mykje detaljhandel og ein del industri.

Det tidlegare øvingsanlegget ligg i dette området. Det har vore utfordringar, spesielt knytt til røykdykkarøvingar her. Sidan området ligg i innflyginga til flyplassen har det vore noko problematikk knytt til røyk frå anlegget ved letting og landing. Anlegget ligg plassert rett ved rullebana, noko som er ei av dei minst gunstige plasseringane knytt til denne problematikken.

Det ledige arealet ligg om lag 400 m lengre vekk frå rullebane, slik at denne utfordringa ikkje nødvendigvis vil vere like problematisk for nytt anlegg.

Området har ikkje nokon særskilde andre kvalitetar som kan nyttast i øvingsamanheng.



**RTK-0501 - Hovden**

Fordelar	Ulemper
Sentralt plassert midt mellom Ørsta/Volda	Innflygingszone til flyplassen
Innafor krav til innsatstid Ørsta	

## Melsgjerdet

Reguleringsføremål: Industri, lager og verkstad

Bustadbebyggelse rundt: Spredtbygd strøk




Området er regulert til industri, lager og verkstad og ligg like utanfor tettstaden Ørsta i Ørsta kommune. På området er det kun utbygd eit sorteringsanlegg for Volda Ørsta reinhaldsverk i motsatt ende av området. Næraste bustadhus til potensiell tomt er 500 meter. Den potensielle tomte er felt ned i terrenget, med om lag 8-9 meter fjellvegg/skrent i forhold til Melsvegen og tilkomstvegen til området frå Melsvegen.

Arealet er nyregulert og brannøvingsfelt er lagt inn som del av det kombinerte området for kommunalteknisk anlegg lengst aust i området.

Området har andre kvalitetar som Ørstaelva og fjellskrent i bakkant som kan nyttast i øvingsamanheng. Inga reisetid til dette frå øvingsområdet er ein fordel.





<b>Melsgjerdet industriområde</b>	
<b>Fordelar</b>	<b>Ulemper</b>
Spredtbebygde strøk – relativt langt til bustadhus og langt mellom bustadane	Ikkje noko særskild
Innafor krav til innsatstid Ørsta	
Ny regulering – Kun eit område er bebygde	
Regulert til brannøvingfelt (BKB)	

### Oppsummering og konklusjon

Melsgjerdet industriområde i Ørsta peikar seg ut som særskilt eigna til dette føremålet.

Arealet ligg like utanfor tett bebyggelse og er alt regulert til føremålet som del av det kommunaltekniske området lengst søraust.

Den regulerte tomte er nedfelt i terreng med 8-9 meter fjellskrent/skråning i forhold til Melsvegen og tilkomstvegen frå Melsvegen. Næraste bustad ligg om lag 500m frå tomte, samtidig som det er spredtbygde og snart like langt til neste.

Eit moderne brann- og redningsvesen har mange oppgåver som må øvst på. Eit område med nærheit til andre fasilitetar eigna for øving på fleire av fagområda vil vere fordelaktig. Blant desse er overflateredning og tausikring i utsatt miljø. Arealet sin fjellskrent og nærleiken til elva vil vere

gunstig for øving og kursing i desse to fagfelta. Vi vil kunne øve på tausikring/redning i reel fjellskrent og overflateredning i Ørstaelva utan reisetid frå undervisningslokale.

Området ligg 3 km frå Ørsta brannstasjon. Ørsta brannstasjon er nær kravet til heiltidsbrannkonstablar. Brannkonstablar på heiltid vil ha eit auka behov og moglegheit for øving. Eit anlegg innanfor kravet til innsatstid på 10 minutt frå institusjonar som Ørstaheimen vil vere essensielt for å få høg kvalitet på øvingane, utan å måtte gjere det ute i samfunnet. Øvingar ute vil krevje meir førebuing og vi har liten moglegheit til å tilpasse området til bruken og vert som følgje av det ei større påkjenning på innbyggjarar og andre i området rundt, enn på eit avsett område for øving. Samtidig har vi ikkje moglegheit til å ha dei same sikkerheitstiltaka som ved ferdige installasjonar i eit kontrollert miljø som det er på eit øvingsanlegg.

Ei sentral plassering vil samtidig gjere øving og opplæring av andre gruppe, som slukkeøving med bedrifter og helsepersonell, lettare. Her kan tilsette på til dømes sjukeheimane kom og få opplæring utan lang reisetid.

Alle dei tre områda som er vurdert har mange av desse kvalitetane, men Melsgjerde er det området som har flest av dei, og samtidig minst ulemper. Til dømes inn og utflygingssone for flyplassen. Dette har vi erfaringar med frå øvingsanlegget som var ved flyplassen i Hovden. Dette la store avgrensingar på bruken, særskild knytt til på lysbruk og røyk. Flyplassar har ei lang opningstid, som gjer at dette gjaldt store delar av døgn.

Etter ei samla vurdering ser vi at Melsgjerdet industriområde er det mest eigna området for lokalisering av øvingsanlegg for naudetatane og andre ressursar.



## Vedlegg 3 – Oversikt innsatsstoff

Datablad på stoffa som kan verte nyttast på øvingsanlegget

<b>Produkt</b>	<b>Namn</b>	<b>Datablad</b>
Øvelsesskum	Sthamex skumvæske	<a href="https://www.alfabrannvern.no/file/andre/ovelseskum_s_nor.pdf">https://www.alfabrannvern.no/file/andre/ovelseskum_s_nor.pdf</a>
Slokkepulver	Monoammonium phosphate	<a href="https://www.badgerfire.com/Documents/SDS_ENG_Apr_2015/SDS_Badger_Commercial%20ABC%20Dry%20Chemical.pdf">https://www.badgerfire.com/Documents/SDS_ENG_Apr_2015/SDS_Badger_Commercial%20ABC%20Dry%20Chemical.pdf</a>
Propan	UN 1978	<a href="https://www.linde-gas.no/no/images/Propan%2C%20rent%20stoff_2.2_NO_tcm639-481244.pdf">https://www.linde-gas.no/no/images/Propan%2C%20rent%20stoff_2.2_NO_tcm639-481244.pdf</a>
Diesel	UN 1202	<a href="https://www.circlek.no/datablad">https://www.circlek.no/datablad</a>
Bensin	UN 1203	<a href="https://www.circlek.no/datablad">https://www.circlek.no/datablad</a>
Ammoniakk	UN 1005	<a href="https://www.linde-gas.no/no/images/Ammoniakk_vannfri_R717_2.2_NO_tcm639-552178.pdf">https://www.linde-gas.no/no/images/Ammoniakk_vannfri_R717_2.2_NO_tcm639-552178.pdf</a>
Batteri	Litiumblanding	<a href="https://en.wikipedia.org/wiki/Lithium_battery">https://en.wikipedia.org/wiki/Lithium_battery</a>



## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

### Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

**Fylkesmannen** har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

**GisLink** gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

### Detaljreguleringsplan for Melsgjerdet industriområde

Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	<i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunnngje NEI etter behov.</i>				
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	Det er ikkje kjende ustabile fjellparti i området
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	Planområdet ligg ikkje i nærleiken av vatn/sjø
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		X	Området er ikkje utbygt frå tidlegare. Det er ikkje kjende problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyning i kjellar e.l.
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	Området består av myr og skog, som vert fjerna ved utbygging. Det er elles lite skog og lyng i området som kan medføre brannfare.
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X		
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Vass-forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
c	Anna (spesifiser)?				

Kraft- forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4μT frå høgspenlinjer?	X		Nokre mindre striper av utbyggingsareala er utsette for strålingsfare. Det er innarbeidd omsynssoner med bestemmelsar for desse areala.
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	Det er ikkje lagt til rette for spesielt energikrevjande verksemdar. Området er vurdert å ha tilstrekkeleg kapasitet.
	d	Anna (spesifiser)?			

Samferdsel	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X		
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
e	Anna (spesifiser)?				

Miljø/ Landbruk	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?	X		Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Størsteparten av planområdet er definert som dyrkbart areal, og ein liten del er fulldyrka. Det var teke stilling til omdisponering av arealet i samband med vedtaket av gjeldande reguleringsplan i 1998
d	Anna (spesifiser)?				

Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X		Det er eit gammalt massetak lengst vest i næringsområdet. Dette er føresett atfylt i samband med opparbeiding av tomtene.
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		X	Ikkje frå tidlegare bruk
d	Anna (spesifiser)?				

Brann/ ulukkes- beredskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	Sjå vurdering lenger ned i dokumentet
	b	Har området dårlige tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		X	Føresett opparbeiding av tilkomstveggar, jf. rekkefølgjekrav
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X		Avfallsanlegg/biogassanlegg
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Verksemds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	Det er ikkje føresett anlegg som kjem inn under storulykkeforskrifta
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den \_\_\_/\_\_\_ - \_\_\_ av sign: \_\_\_\_\_

## Sjekkliste klimatilpassing

### 1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km<sup>2</sup>):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga? [Ja](#)
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga? [Nei](#)
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)? [Nei](#)
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)? [Det har vore isgang, men næringsområdet er plassert med tilstrekkeleg avstand frå elva.](#)

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør? [Nei, ikkje kjende hendingar. Innarbeidd omsynssone for skredfare kring bekkeløp sør i planområdet. Ikkje andre aktuelle bekkeløp](#)
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda? [Nei](#)
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk? [Nei](#)
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder? [Bekken sør i planområdet kryssar fv57 i røyr. Terrengforma i området gjer at næringstomtene ikkje vil vere utsette.](#)
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum? [Nei](#)
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp? [Nei](#)

### 2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon? [Nei. Det er tilstrekkeleg avstand mellom elv og tomteareal.](#)

### 3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør? [Nei](#)

b) Har det vore problem tilbakeslag? [Nei](#)

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda? [Mesteparten av overvatnet bør handterast lokalt, men overflatevatn frå BRE-området kan ikkje sleppast til Ørstaelva. Dette kan gje utfordringar som må løysast ved detaljplanlegging av tiltaket.](#)

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)? [Nei](#)

### 4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)? [Ja. Området ligg langt frå sjø.](#)

### 5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området? [Nei](#)

### 6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn? [Nei.](#)

## Vurdering av aktuelle tema

### Naturgjevne tilhøve

#### a) Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?

Skredfaren er utgreidd i skredfarerapport, datert 24.0.2018 frå Skred AS. Ettersom byggteknisk forskrift fastset grenseverdiar for ulike tiltak vert det ikkje sett opp ei samanstilling av sannsyn/verknad til dette punktet.

Skredfarerapporten syner at deler av planområdet er utsett for ras med nominelt sannsyn på 1/5000, jf. tryggleiksklasse S3 i byggteknisk forskrift. Desse områda kjem i liten grad i konflikt med utbyggingsareal, og det er lite sannsynleg at det vert etablert S3-tiltak i den delen av planområdet. Unnataket er terrasseringa mot elva, der tomtene er føresett plassert oppe på plataet.

Langs ein bekk lengst sør i planområdet er det definert ei sone med nominelt sannsyn på 1/1000, jf. tryggleiksklasse S2 i byggteknisk forskrift. Dette området kjem ikkje i konflikt med utbyggingsareal.

Det er ikkje nokon område med større nominelt sannsyn enn 1/100, jf. tryggleiksklasse S1 i byggteknisk forskrift.

#### Tiltak

Sjølv om ein ikkje har kjennskap til kva bedrifter som vil etablere seg i området i framtida, er det truleg tiltak i sikkerheitsklasse S1 og S2 som er aktuelle. Terrenget på byggjetomtene vil verte opparbeidde, slik at dei bratte skråningane til elveterrassane også får ein stabil skråningsvinkel. Fare for utgliding og erosjon vil då ikkje være til stades lenger.

Det er berre lite areal i kantane til byggjeområda som vil være omfatta av flaum- og sørpeskred med nominelt sannsyn på over 1/5000. Føresegna fastset forbod mot å setje opp bygg i tryggleiksklasse S3 i desse områda utan at tilstrekkeleg tryggleik er dokumentert. Det er også vist omsynssone for S2-sona, sjølv om denne ikkje ligg over utbyggingsareal.

#### d) Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

Grunnforholda i området kring brua er vurderte i rapporten *Melsgjerdet industriområde – Grunnundersøkingar* (5161129-RIG01). Dei resterande områda i planområdet er vurderte i geoteknisk notat (5160647-RIG02). Ut ifrå desse rapportane er planområdet «friskmeldt» mtp. kvikkleire og sprøbruddsmateriale, og det er ikkje fare for utgliding av området.

#### e) Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge av moglege klimaendringar?

Flaumfaren langs Ørstaelva er vurdert i flaumsonkartlegging frå NVE i 2004, og det er teikna ut aktuelle flaumsoner for 100-, 200- og 500-årsflaum. Størsteparten av planområdet ligg betydeleg høgare enn elva, og det er god avstand mtp erosjon i skråninga. Den einaste tomte som ligg på eit lågare nivå er BRE-området. I samband med utarbeiding av planframlegget, har NVE til at området vert plassert over kote 27,5 (NN2000) for å vere sikkert mot 1000-årsflaumen med klimapåslag.

Jf. skredfarevurderinga frå Skred AS er det fare for flaumskred i bekkeløp lengst sør i planområdet. Jf. pkt. a) over er det innarbeidd omsynssoner som ivaretek tryggleiken kring dette.

#### Tiltak

Det er stilt krav om minste kotehøgde på 27,5 (NN2000) for BRE-området, og det er innarbeidd omsynssoner kring bekkeløp sør i planområdet. Det er ikkje behov for andre tiltak.



## Vassforsyning

### a) Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

#### Vassforsyning

Eksisterande anlegg har tilstrekkeleg kapasitet til å forsyne området med «normal bruk». Dersom det skulle verte aktuelt med spesielt vasskrevjande verksemder kan desse truleg ikkje etablerast i området utan at det vert gjort tiltak for å auke kapasiteten.

#### Avlaup

Eksisterande anlegg har tilstrekkeleg kapasitet til «normal bruk», og der overflatevatn vert handtert lokalt. I konsesjonen for omlastingsanlegget i BRE-området er det stilt vilkår som utelukkar Ørstaelva som resipient, utanom for takvatn. Det eksisterande offentlege leidningsnett har ikkje kapasitet til å handtere alt overflatevatn frå dette området ved store nedbørsmengder.

#### **Tiltak**

#### Vassforsyning

Ved etablering av særleg vasskrevjande verksemder må det vurderast om eksisterande anlegg har tilstrekkeleg kapasitet, eller om det kan gjerast tiltak for å sikre tilstrekkeleg kapasitet. Om ikkje kan ikkje denne verksemda etablerast.

#### Avlaup

Vilkåra for utslepp frå BRE-området er gitt i konsesjonsvilkåra. Det er ikkje behov for særskilte tiltak i planen ettersom overvatnet ikkje kan sleppast ut lokalt. Ei aktuell løysing er å etablere fordrøying på tomteområdet for å utjamne belastninga på det kommunale avløpsnettet, dekke større delar av området med tak (takvatn kan handterast lokalt), redusere potensielt forureina uteareal eller legge ny avløpsledning til sjøen. Korleis dette skal løysast må dokumenterast i samband med detaljplanlegginga av anlegget.

## Samferdsel

### c) Er det transport av farleg gods til/gjennom området?

Fv655 er ikkje registrert som strekning med transport av farleg gods. Ved ev. etablering av biogassanlegg vil det verte ein viss andel trafikk med tankbilar (metan). Om andre verksemder i området utløyser transport av farleg gods vil vere avhengig av kva verksemder som vert etablert, men det kan ikkje utelukkast.

Transport av farleg gods følgjer eigne tryggleiksrutiner og –krav. Vegane i området har forsvarleg utforming, og hastigheita er relativt låg. Sannsynet for uønska hendingar er vurdert som veldig lågt, men verknaden kan vere alvorleg spesielt i umiddelbar nærleik til ein ev. ulykkesstad. Dette gir ein moderat risiko.

#### **Tiltak**

Gjeldande tryggleiksrutiner og –krav for transport av farleg gods reduserer sannsynet for- og konsekvensane av ulykker med farleg gods. Det er ikkje behov for planmessige tiltak.

### d) Kan området verte isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks. som følge av naturhendingar?

Hovudtilkomsten til området er over eks. bru over Ørstaelva. Melsvegen har ikkje kapasitet til ein stor andel tungtrafikk, så om brua skulle verte øydelagd, skadd eller stengt av andre grunnar vil tilkomstmoglegheita til området verte redusert. Brua er nybygd, og dimensjonert med tilstrekkeleg lysopning. Sannsynet for at brua skulle verte øydelagd er svært låg, og verknadane for liv og helse er små. Samla gir dette låg risiko.

## Tiltak

Det er låg risiko for at området skulle verte isolert, og det er difor ikkje behov for tiltak i planen.

## Miljø/landbruk

### a) Vil planen/tiltaket verte ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?

#### Støy

Planen opnar ikkje for bygg med støyfølsom bruk. Det er utarbeidd støyvurdering for biogassanlegget. Ingen bygg med støyfølsom bruk vert liggande i gul sone frå dette anlegget. Ein kan ikkje utelukke at det kan etablerast støyande verksemd i planområdet elles. Kor stor støybelastninga vil vere, og kor langt støysona vil strekke seg vil sjølvstyre vere avhengig av kva type verksemd som skal etablerast. Dette er uråd å seie noko om så lenge ein ikkje veit kva type verksemd som kan etablere seg.

#### Tiltak

I føresegnene er det stilt krav til dokumentasjon av støynivå frå den aktuelle verksemda.

#### Lukt

Det er gjennomført luktspreiingsanalyse for BRE-området (både avfallsanlegget og biogassanlegget), og det er stilt maksimalkrav til utslepp i konsesjonen for avfallsanlegget. I analysen som er utarbeidd går det fram at rensing av utsleppet vil gjere at luktkrava som Fylkesmannen har stilt vil kunne imøtekomast uavhengig av storleiken på anlegget.

I følge dei modellerte resultatane, vil luktsituasjonen i området forbetrast dersom røykgass-hastigheita aukast ved å redusere diameteren på avkastet. Resultatane viser at høgare avkasttemperatur også vil forbetre situasjonen. Auka utsleppshøgde vil også redusere luktblastning for naboar. Luktreinseanlegg er det einaste tiltaket som sikrar at fylkesmannens krav ikkje vert overskride. Det er anslått at luktemisjon vil vere 350 OUE/s på punktutsleppa (teke høgde for reinseanlegg). Krava som må stillast til dimensjonering av eit luktreinseanlegg er at luktemisjonen ikkje skal overstige 350 OUE/s, samt at fylkesmannens krav om luktemisjon ved nærmaste nabo overhaldast. Det er lagt til grunn at kolfilter eller biofilter vil vere tilstrekkeleg for å oppfylle desse krava.

#### Tiltak

Grenseverdiane for luktutslepp er definerte i konsesjonen for anlegget, og dei tekniske løysingane vil imøtekomast dette kravet. Det er ikkje behov for andre tiltak.

#### Støv

Opparbeidinga av tomtene kan medføre noko støv i svært tørre perioder. Dette vil likevel vere ein mellombels tilstand.

#### Tiltak

Ikkje behov for tiltak



Luktkonsentrasjonar gitt som maksimal månadleg 99 prosent timefraktal i **november** for reinsa utslepp. Grenseverdiane er gitt i OUE/m<sup>3</sup>. Resultatet viser at luktemisjonar vil vere under grenseverdien frå Fylkesmannen (0,150 mørke gult-maks, 0,100 lyse gult, 0,050 kvit).

**b) Vil planen/tiltaket verte ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?**

Avfallsanlegget og biogassanlegget kan medføre fare for forureining dersom forureina overvatn vert slept ut lokalt. I konsesjonen for avfallsanlegget er det stilt vilkår som hindrar lokalt utslepp av overflatevatn til Ørstaelva. Også anna næringsverksemd kan medføre fare for forureining enten gjennom avrenning frå tomtene eller ved uønska hendingar. Eit utslepp vil i hovudsak ha innverknad lokalt, og dersom avrenning når Ørstaelva, som nasjonalt laksevasdrag.

**Tiltak**

Konsesjonsvilkåra fastset vilkåra for BRE-området. For dei øvrige områda må faren for forureining vurderast ut frå det aktuelle tiltaket, og ev. tiltak for å redusere faren må etablerast på den aktuelle tomte. Det er sett av 50 m buffer mellom næringsområdet og elva, m.a. for å redusere faren for forureina utslepp til elva. I føresegnene til planen er det stilt krav om ROS-vurdering med aktuelle tiltak knytt til byggesøknaden.

**Brann/ulukkesberedskap**

- a) Pr. i dag er vassmengda som kan leverast på nettet om lag 30 l/s. Dette er under preakseptert yting, som er 50 l/s. Det kompensert ved at området ligg nær Ørstaelva, som supplerer tilgangen til sløkkevatn (180 m<sup>3</sup>/t) for deler av byggeområda. I tillegg er det tilgang til tankbil. Når vassleidningsnettet vert vidare utbygt i samband med bygging av ny samleveg til B10 Fremre Mo og g/s-veg langs fv. 655 mellom Mosflata og Brungot, vil kapasiteten på leidningsnettet levere tilstrekkeleg til å oppfylle preaksepterte krav. Dette vert vurdert som tilstrekkeleg, sjølv om det pr. i dag ikkje er vedtak som avklarar gjennomføringstidspunktet for oppgradert leidningsnett.

**Tiltak**

Dersom det vert etablert verksemdar som har større vassbehov til sprinkling eller liknande enn det nettet kan levere, må det gjennomførast tiltak for det enkelte byggetiltak.

# ROS-Analyse for Melsgjerde øvingsanlegg



## *Forord*

God og tidsriktig opplæring og øving av innsatspersonell i naudetatar er viktig. Anlegg som legg til rette for dette er det få av i Noreg, noko som medfører at personellet ofte må reise langt og som ein konsekvens av det, sett av mykje tid, for å få opplæring og ikkje minst den jamleg trening som trengs for å vere kvalitativt operativ i sin funksjon. Ørsta ligg sentralt i eit område utan slikt anlegg og eignar seg godt til lokalisering av øvings- og opplæringsarena i dette området.

På bakgrunn av lokale behov har Ørsta kommune har ein gjort eit kartlegging av behovet i distriktet . I samband med kartlegginga er det inngått intensjonsavtale med ni kommunar og den lokale flyplassen om bruk av anlegget.

På bakgrunn av dette har Ørsta kommune regulert og vedtatt bygging av øvingsanlegg. Anlegget er tenkt å tilby kurs, øvingar og opplæring for naudetatar og andre interessentar. Tilbodet vil verte knytt til øvingsanlegget med tekniske installasjonar tilrettelagt for ulike praktiske øvingar, samt undervisningslokale i eit servicebygg som skal byggast på eit seinare tidspunkt.

Dette dokumentet er ei analyse som vurderar dei ulike risiko som er tilstades i samband med drift av anlegget og korleis ein skal etablere barrierar for å førebyggje at desse hendingane kan skje.

Ørsta, den 31 August 2023

Thomas Winther Leira

Brannsjef/prosjektleder

## Samandrag

Risikobiletet som denne analysen avdekkjer viser at den største risikoen ved aktiviteten som dette anlegget skal omfatte, er knytt til brannskadar, eksponering av farleg røyk og kuttskadar .

Det er fleire element i analysa som kjem inn under kategori gul, men her er det ikkje krav om strakstiltak. Hendingar innanfor denne kategorien krev kontinuerleg fokus på risikostyring. I mange tilfelle er dette hendingar ein kan forhindre, men der tiltak bør i verk setjast så langt dette er føremålstenleg etter ei kost-/nytte vurdering.

Det er lagt opp til mange førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak ved verksemda, dette er grunnen til at det ikkje er nokon scenario som kjem under kategori raud.

Høg grad av tilrettelegging og ny teknologi som bruk av propan som brensel, gjev sterk redusert risiko med eit slikt anlegg i forhold til tidlegare nytta energikjelder. Utslepp frå ei slik forbrenning gjev minimalt med belastning på anlegg, ytre miljø og elevane ved senteret.

Når drifta ved anlegget vert starta opp vil ein nok relativt tidleg måtte gjere justeringar til denne analyse. Dette er ein kontinuerleg prosess og er sentralt for drifta av anlegget.



# 1. Innleiing

Kravet til risiko og sårbarheits analyse er heimla i plan og bygningslova (PBL) § 4-3 av 01.07.2009.

Arbeidet med ROS analysen har vorte gjennomført av ei arbeidsgruppe. Analysen er basert på analyse av liknande anlegg andre som er tilpassa det planlagde anlegget og området det ligg i.

I dette arbeidet har det vore ei arbeidsgruppe beståande av:


- Thomas Winther Leira, Brannsjef i ØBR
- Odd Jarle Engeset, Leiar beredskap i ØBR
- Agnar Mo, kommunalteknikk i Ørsta kommune og brannkonstabel i ØBR
- Terje Kvien, Landbruksbygg og brannkonstabel i ØBR
- Ole Johan Yksnøy, Materialforvaltar Sivilforsvaret og Utrykkingsleiar i ØBR
- Kjetil Myklebust, Verneombod

Målsettinga med denne analysa har vore å avdekke dei risikoar som er i samband med drift av det planlagde øvingsanlegget. Den skal avdekke potensielle risikomoment og behovet for å få på plass avbøtande tiltak, både forebyggjande og konsekvensreducerande.

Dette for å ivareta tryggleiken til brukarane, påverknaden på området og for å førebygge og avgrense forureining.

Drifta skal ha som mål at ein skal hindre uønska hendingar, redusere skadeverknadane når noko skjer, og ha komme tilbake til normaltilstand så snart som mogleg.

## Kart



## 2. Metode

### 2.1 Bakgrunn

Metoden er basert på retningslinjer i NS 5814:2008 "krav til risikovurderinger". NS 5814 definerer risiko som:

"Uttrykk for kombinasjonen av sannsynligheita for og konsekvensen av ei uønska hending".

Risiko knytast til uønska hendingar – dvs. hendingar som kan medføre tap av verdier. Tap av verdier kan gjelde for eksempel liv/helse, miljø, materielle verdier, funksjonar, samfunnsverdier eller omdøme. Ei uønska hending kan vere både tilsikta og utilsikta.

### 2.2 Kategorisering av sannsynlegheit og konsekvens

*Sannsynlegheit* – i kva grad det er truleg at ei hending vil kunne inntreffe. Vi nyttar følgjande kategoriar for sannsynlegheit:

#### Sannsynlegheitskategori

1. Lite sannsynleg	Sjeldnare enn 1 hending pr. 25 - 50 år
2. Moderat sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 10 – 25 år
3. Sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 5 -10 år
4. Meget sannsynleg	I gjennomsnitt 1 hending pr. 1-5 år
5. Svært sannsynleg	Oftare en 1 hending pr. år

*Konsekvens - mulig fylgje av uønska hending. Vi nyttar fylgjande kategoriar for konsekvens:*

Konsekvenskategori	Mennesker sitt liv og helse
1. Svært liten konsekvens	Ingen eller små personskader
2. Liten konsekvens	Personskader, knekt arm, forbrenning, kutt, ikkje varig
3. Middels konsekvens	Kritisk, ein person, varig
4. Stor konsekvens	Dødeleg skade, ein person
5. Svært stor konsekvens	Dødeleg skade, to eller fleire personar

Konsekvenskategori	Miljø
1. Svært liten konsekvens	Ubetydeleg miljøskade
2. Liten konsekvens	Lokale konsekvensar
3. Middels konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid < 1år
4. Stor konsekvens	Regionale konsekvensar, 1 år < restitusjonstid < 10år
5. Svært stor konsekvens	Regionale konsekvensar med restitusjonstid > 10år

Konsekvenskategori	Materielle verdiar grunnlag liten kommune
1. Svært liten konsekvens	< 200.000
2. Liten konsekvens	200.000 – 3,5 Mill
3. Middels konsekvens	3,5 Mill – 10 Mill
4. Stor konsekvens	10 Mill – 35 Mill
5. Svært stor konsekvens	35 Mill <

## 2.3 Vurdering av risiko

I ein ROS-analyse plasserast uønska hendingar inn i ei risikomatrise gitt av hendinga si sannsynlegheit og konsekvens. Risikomatrise har 3 soner:

<b>GRØNN</b>	Akseptabel risiko – avbøtande tiltak er ikkje nødvendig
<b>GUL</b>	Akseptabel risiko, men avbøtande tiltak bør vurderast
<b>RAUD</b>	Uakseptabel risiko – avbøtande tiltak er nødvendig

Akseptkriteria for risiko er gitt av dei farga sonene i tabell nedanfor.

SANNSYNLEGHEIT	KONSEKVENNS				
	1.Svært liten	2.Liten	3.Middels	4.Stor	5.Svært stor
5. Svært sannsynleg	5	10	15	20	25
4. Meget sannsynleg	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg	3	6	9	12	15
2 Moderat sannsynleg	2	4	6	8	10

1. Lite sannsynleg	1	2	3	4	5
--------------------	---	---	---	---	---

Figur risikomatrix for:

- tap av menneske sitt liv og helse
- skade/negativ påverknad på ytre miljø
- tap av materielle verdiar

### 2.3.1 Risikoreducerande tiltak

Med avbøtande tiltak meiner ein sannsynlighetsreducerande (førebyggjande) eller konsekvensreducerande tiltak (beredskap) som bidrar til å redusere risiko, for eksempel frå raud sone til akseptabel gul eller grøn sone i risikomatrix. Dei avbøtande tiltaka medfører at klassifiseringa av risiko for ein hending forskyvast vertikalt eller horisontalt i matrisa.

### 2.3.2 Raud hending – risikoreducerande tiltak er nødvendig

Hendingar som ligg i det raude området i matrisa, er hendingar vi på grunnlag av akseptkriteria seier at vi ikkje kan leve med. Dette er hendingar som må følgjast opp i form av tiltak. Fortrinnsvis omfattar dette tiltak som rettar seg mot årsakene til hendinga, og der igjennom søkje å redusere sannsynligheita for at hendinga kan inntreffe.

### 2.3.3 Gul hending – tiltak bør vurderast

Hendingar innanfor det gule området i matrisa som krev kontinuerleg fokus på risikostyring. I mange tilfelle er dette hendingar ein kan forhindre, men der tiltak bør iverksettjast så langt dette er føremålsteneleg etter ei kost-/nytte vurdering.

### 2.3.4 Grøn hending – akseptabel risiko

Hendingar i den grønne sona i matrisa inneber akseptabel risiko, dvs. at risikoreducerande tiltak ikkje er nødvendig. Dersom risikoen for hendingane kan reduserast ytterligare utan at dette krev vesentlege ressursar, bør ein imidlertid også vurdere å sette i verk tiltak for desse hendingane.

## 4. Oversikt over kartlagt risiko og forslag til tiltak

4.1.1	Fallskade		
4.1.1.1	Fall frå køyretøy og anna mobilt utstyr		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	2	8
4.1.1.2	Fall frå øvingshus/containaranlegg		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	3	6

4.1.2	Klemskade
-------	-----------

4.1.2.1	Påkøyrse av personell		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	3	6
4.1.2.2	Fallande gjenstandar		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.2.3	Klemskadar i dører/luker		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6

4.1.3	Varme overflater (brannskade)		
4.1.3.1	Brannskade grunna berøring av varme overflater		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	2	8
4.1.3.2	Brannskade grunna feil bruk av utstyr		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	2	8

4.1.4	Kjemikalieskade		
4.1.4.1	Feil bruk av pulverapparat		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6
4.1.4.2	Feil bruk av CO2 sløkke apparat (Frostskadar)		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.4.3	Uforsiktig handtering av farleg stoff		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.4.4	Eksplasjon		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6
4.1.4.5	Kuttskaderi forbinder i forbindelse med frigjeringsøvingar		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	2	8

4.1.5	Røykskade/farlege gassar for andedrettet		
4.1.5.1	Innanding av helsefarleg røyk og støv		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	2	8

4.1.5.2	Eksposering av propan i sterk konsentrasjon		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.5.3	Eksposering av ammoniakk		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	1	2	2

4.1.6	Skade/feil på tekniske installasjonar		
4.1.6.1	Lekkasje i innvendig anlegg i konteinar/øvingshus		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6
4.1.6.2	Lekkasje på anlegg utanfor konteinar/øvingshus		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6
4.1.6.3	Ukontrollert brann i konteinar/øvingshus		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	3	6
4.1.6.4	Påkøyrrel inntaksskap bygg		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.6.5	Påkøyrrel av propantank		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.6.6	Utslepp ved fylling av tank		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.1.6.7	Lekkasje i tankpåkolingar		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	2	6
4.1.6.8	Hærverk på anlegget		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	3	6

4.2.1	Utslepp av farlege stoff		
4.2.1.1	Søl ved fylling av køyretøy og anna utstyr		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	4	1	4
4.2.1.2	Lekkasje frå propan tank		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	3	1	3
4.2.1.3	Lekkasje frå køyretøy		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	1	2

4.2.1.4	Lekkasje frå Køyretøy til trafikkulukkeøving		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	1	1	1
4.2.1.5	Utslepp av sothaldig vatn frå filtertank		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4
4.2.1.6	Utslepp av olje frå oljeavskilljar		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	1	2	2
4.2.1.7	Lekkasje frå oljeavskilljar		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	1	3	3
4.2.1.8	Lekkasje frå filtertank		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	1	2	2
4.2.1.9	Røyk frå anlegget		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	5	1	5

4.2.2	Lukt frå øvingsanlegget		
4.2.2.1	Røyklukt		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	1	2
4.2.2.2	Kjemikalielukt		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	1	2

4.3.1	Brann i naboverksemd		
4.3.1.1	Røyk frå brann i naboverksemd		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	1	2
4.3.1.2	Spredningsfare		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	2	4

4.3.2	Farlege stoff		
4.3.2.1	Eksplosjon i naboverksemd		
Ikke vurdert	Ingen naboverksemdar førebels. Evt. justering av		



4.3.2.2 Ikkje vurdert	Utslepp av farleg stoff frå naboverksemnd		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	-	-	-

4.3.3	Anna		
4.3.3.1	Utforkøyring av køyretøy		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	2	4	8
4.3.3.2 Ikkje vurdert	Naboverksemnd utsett for sabotasje/hærverk		
	Sannsyn	Konsekvens	Risiko
	-	-	-

## 1. Vedlegg 1 – Oversikt over kartlagt risiko

4.1	<b>Risiko og sårbarheit for personell og utstyr som er på øvingsanlegget</b>
<p>På eit øvingsanlegg er det fleire element som medføre risiko dersom ein ikkje har tenkt gjennom og teke ulike forholdsreglar for å minimere risiko og sannsynlegheit. Her vil vere varme overflater, skarpe gjenstandar, farlege stoff og andre element som lett kan skade dei som oppheld seg på anlegget. Under kjem ei oppstilling av ulike situasjonar som må analyserast.</p>	

4.1.1	Fallskade
4.1.1.1	Fall frå køyretøy og anna mobilt utstyr
<p>Ved praktiske øvingar, demonstrasjonar og tilrettelegging/kontroll, vil det verte nytta køyretøy og anna mobilt utstyr. Dette kan medføre ein risiko.</p>	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging</li> </ul>
4.1.1.2	Fall frå øvingshus/contearanlegg
<p>Sjølv om store delar av aktiviteten ved øvingsanlegget vil foregå på bakkeplan, er det konstruksjonar på anlegget som strekkjer seg over fleire etasjar. Det er også planlagt ein "klatrevegg" for øving på tilkomstteknikk. Dette kan medføre ein risiko.</p>	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekkverk på alle områder, trapper og liknande på alle område som skal nyttast til dagleg. Fastesikringspunkt på klatreveggen som minimerer risiko.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.2	Klemskade
4.1.2.1	Påkøyrse av personell
I mange samanhengar vil det vere relativt mykje personell i samhandling på anlegget. Dette i tilknytting til ulike køyretøy medfører risiko for klemskade.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> <li>• Fastsette fartsgrense inne på området.</li> </ul>
4.1.2.2	Fallande gjenstandar
Fallande gjenstandar kan kome både frå stasjonært utstyr/bygg og mobile einingar særskildt i forbindelse med løft og ved simulering av bil kollisjon.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.2.3	Klemskadar i dører/luker
Det vil vere dører og luke på anlegget der klemskadar kan oppstå.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.2.4	Klem-/Kuttskader i forbindelse med frigjeringsøvingar
Klem -/ kuttskader ved bruk av frigjeringsutstyr	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>

4.1.3	Varme overflater (brannskade)
4.1.3.1	Brannskade grunna berøring av varme overflater
Høg temperatur som medfører at det vil vere overflater som ikkje kan berørast utan eigna verneutstyr er vil ver på dette anlegget.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.3.2	Brannskade grunna feil bruk av utstyr
Bruk av propan og andre brensel på eit øvingsanlegg krev at dei som driftar og nyttar anlegget har oversikt og rutiner som må følgjast.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>

4.1.4	Kjemikalieskade
-------	-----------------

4.1.4.1	Feil bruk av pulverapparat
Brannpulver kan vere etsande om ein får det på hud, auger og slimhinner.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.4.2	Feil bruk av CO2 slokke apparat (Frostskadar)
Feil bruk av CO2 slokke apparat kan medføre frostskader.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.4.3	Uforsiktig handtering av farleg stoff
Uforsiktig handtering kan resultere i eksponering utan rett verneutstyr	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.4.4	Eksplasjon
Eksplasjon frå anlegget som konsekvens av manglande vedlikehald og/eller feil bruk.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> <li>• Gjevnleg egenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>

4.1.5	Røykskade/farlege gassar for andedrettet
4.1.5.1	Innanding av helsefarleg røyk og støv
Sjølv om anlegget er tenkt i tråd med dagens standar knytt til utslepp og ivaretaking av brukarane si helse, er det risiko involvert om ein ikkje brukar rett verneutstyr og har rutinar på plass for handtering i etterkant.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar og opplæring som sett fokus på risikoen, bruk av verneutstyr og førebygging.</li> </ul>
4.1.5.2	Eksponering av propan i sterk konsentrasjon
Propan er tyngre enn luft og vil difor fortrenge oksygen dersom forholda tilseier det. På anlegget er det lagt opp til ein stor del bruk av propan inne i konteinarrigg.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar tilrettelegging og gjennomføring av øving/opplæring</li> <li>• Opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
4.1.5.3	Frostskade propan
Propan er ein kald gass. Handtering av denne kan medføre frostskader	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyrar tilrettelegging, gjennomføring og opprydding for</li> </ul>

	<p>øving/opplæring</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplæring som sett fokus på risikoen og førebygging.</li> </ul>
--	---

4.1.6	Skade/feil på tekniske installasjonar
4.1.6.1	Lekkasje i innvendig anlegg i konteinar/øvingshus
Det er forbrenningskammer i konteinarane. Her kan uønska lekkasje forekomme.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.1.6.2	Lekkasje på anlegget utanfor konteinar/øvingshus
Det vert oppstikkskap på anlegget med tilkopling til konteinar/øvingshus. Her kan uønska lekkasje forekomme.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.1.6.3	Ukontrollert brann i konteinaranlegg/øvingshus
Hovudenergi kjelda for drift av anlegget er propan. Dette kan medføre ukontrollert brann i anlegget som følgje av feil på anlegget eller feilbuk.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.1.6.4	Påkøyrse inntaksskap bygg
Påkøyrse av inntaksskap kan medføre ein risiko	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> <li>• Fastsett fartsgrense inne på anlegget.</li> <li>• Påkøyringsvern</li> </ul>
4.1.6.5	Påkøyrse av propantank
Propantanken må vere godt nok sikra til at dette ikkje kan skje.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> <li>• Fastsett fartsgrense inne på anlegget.</li> <li>• Påkøyringsvern</li> </ul>
4.1.6.6	Utslepp ved fylling av tank
Forsyningstanken må jamleg fyllast. Dette medfører ein sannsynlegheit for utslepp.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> <li>• Kvalifisert føretak som utfører</li> </ul>
4.1.6.7	Lekkasje i tankpåkøyringar
Kraner, ventilar og påkøyringar er kritiske punkt for lekkasje.	

Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.1.6.8	Hærverk på anlegget
Området anlegget i er på eit industriområde som normalt er i drift på dagtid. Anlegget i seg sjølv er ikkje alltid bemanna. Dette medfører ein viss risiko for hærverk.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjerde rundt sjølve øvingsanlegget</li> <li>• Jamleg tilsyn av anlegget</li> </ul>

4.2	<b>Risiko og sårbarheit for ytre miljø/naboar frå øvingsfeltet</b>
Øvingsfeltet ligg i eit regulert område avsett til industri. Det er avgrensa fare for belastning av naboar knytt til aktiviteten frå feltet. Det vert samtidig vil anlegget nytte og behandle ei viss mengde farlege stoff.	

4.2.1	Utslepp av farlege stoff
4.2.1.2	Søl ved fylling av bensindrevet utstyr
Køyretøya må fyllast andre stadar, men fylling av mindre utstyr kan førekomme.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kun fylling på "Droplata"</li> </ul>
4.2.1.3	Lekkasje frå propan tank
Sidan anlegget har eit propan anlegg det kunne oppstå lekkasje.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.2.1.4	Lekkasje frå køyretøy
Feil på køyretøy kan medføre lekkasjar.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> <li>• Fast dekke (Asfalt) mellom betongplatene</li> </ul>
4.2.1.5	Lekkasje frå køyretøy til trafikkulukkeøving
Det vil verte nytta vrakbilar som øvingsobjekt på anlegget, både til bilbrann og klippeøving	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for sanering av bilvrak</li> <li>• Kun oppbevarast på "Droplata"</li> </ul>
4.2.1.6	Utslepp av sothaldig vatn frå filtertank
Filtertanker vert ikkje vedlikehaldt. Dette medfører at den ikkje fungerer og sothaldig vatn kjem gjennom tanken og ut på andre sida.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Utskifting av masse etter behov</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.2.1.7	Utslepp frå oljeavskilljar
Oljeavskilljar vert ikkje vedlikehaldt og tømte. Dette medfører at den ikkje fungerer og oljeprodukt kjem gjennom tanken og ut på andre sida.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Jamleg tømning av tanken</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.2.1.8	Lekkasje frå oljeavskilljar
Oljeavskilljaren får ei lekkasje som følgje av skade på tanken.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Jamleg tømning av tanken</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.2.1.9	Lekkasje frå filtertank
Oljeavskilljaren får ei lekkasje som følgje av skade på tanken.	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>
4.2.1.10	Røyk frå anlegget
Røyk frå anlegget som påverkar miljøet rundt	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gassfyrt</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> </ul>

4.2.2	Lukt frå øvingsanlegget
4.2.2.1	Røyklukt
Røyklukt frå anlegget som påverkar miljøet rundt	
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gassfyrt</li> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget</li> </ul>
4.2.2.2	Kjemikalielukt
Kjemikalielukt som påverkar miljøet rundt	

Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosedyre for bruk av anlegget.</li> <li>• Jamleg eigenkontroll og kontroll frå kvalifisert føretak.</li> <li>• Vurdering av kvar enkelt stoff</li> </ul>
--------	--

### 4.3 Risiko og sårbarheit for skade på personell og utstyr på øvingsfeltet frå ytre miljø/naboar

Øvingsanlegget vil ligge i eit område regulert til industri. Det er på området i dag kun etablert eit mottak for mellomlagring, sortering og kompostering av avfall i den andre enden av området. Av risiko som er tilstades kan det vere knytt til trafikk, farlig stoff, røyk frå ein potensiell brann, lukt og eksplosjonsfare. Alt etter kva som ver etablert.

4.3.1	Brann i naboverksemd
4.3.1.1	Røyk frå brann i naboverksemd
Røyk frå brann i naboverksemd som påverkar øvingsfeltet	
Tiltak	Bruksrutinar for
4.3.1.2	Spredningsfare
Spredningsfare frå nabobygg til bygg på øvingsanlegget. Spesielt knytt til lagring av farlege stoff på øvingsfeltet.	
Tiltak	Vanskeleg å sette tiltak før naboverksemd vert etablert.

4.3.2	Farlige stoff
4.3.2.1	Eksplosjon i naboverksemd
Uavhengig av brann kan verksemdar nytte diverse stoffer og/eller stoff under trykk som inneberer ein eksplosjonsfare.	
Tiltak	Vanskeleg å sette tiltak før naboverksemd vert etablert.
4.3.2.2	Utslepp av farleg stoff frå naboverksemd
Verksemdar i eit industriområde kan bruke farlege stoff i si drift/produksjon. Dette medfører ein viss risiko for utslepp.	
Tiltak	Vanskeleg å sette tiltak før naboverksemd vert etablert.

4.3.3	Anna
4.3.1.1	Utforkøyning av køyretøy



Anlegget vert liggjande på eit lavare nivå enn vegen opp til krysset mot Melsvegen. Det vil vere ein risiko knytt til trafikken her.

Tiltak	Gjerde på toppen mot vegen og gjerde rundt sjølve øvingsanlegget. 50 sone i området.
--------	--

4.3.1.2	Naboverksemd utsett for sabotasje/hærverk
---------	---

Naboverksemd som er utsett for sabotasje/hærverk som har betydning for øvingsfeltet

Tiltak	Vanskeleg å sette tiltak før naboverksemd vert etablert.
--------	--


## Terrenskildring for brannøvingsområde på Melsgjerdet




Ørsta kommune v/Ørsta brann og redning har regulert ei tomt for brannøvingsfelt på Melsgjerde i Ørsta. Tomta ligg 49 m.o.h, er 10 315m<sup>2</sup> stor og ligg i nord/austre hjørne av reguleringsområdet.

Heile planområdet rundt er regulert til industri. Området er ferdig oppbygd med veg, vatn og avlaup og heile arealet er grovplanert til rett kotehøgde. Av verksemder på området er det kun Volda Ørsta reinhaldsverk som har etablert seg her, i motsett ende av området.

Den aktuelle tomte ligg nedfelt i terrenget med ein 10 m høg bergskrent mot nord og ein skrent mot aust.





## Teiknforklaring

- Asfaltdekke
- Grusdekke
- Betongdekke
- Betongkant
- Avløp til filtertank
- Avløp til oljeutskiljar
- Spillvannsledning
- Overvannsledning
- Vannledning
- Kum
- Sluk m/sandfang
- Stakerør
- Lyspunkt

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
----------	----------------	-------	----------

<b>Firma</b>	Firma:	Per Mulvik AS	Sentral:	70 07 49 90
	Adresse:	Holmen 7	Direkte:	40 60 92 35
	Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	gunnar@mulvik.no
	Org.nr.:	941 987 516		

Prosjektnamn:  
**Øvingsanlegg Ørsta Brannvern**

Oppdragsgivar:  
**Ørsta Kommune**



Tittel:  
**Øvingsanlegg Ørsta brann og redning**  
**Situasjonsplan**

Teikna av:	GIF
Dato:	04.05.23
Kontr.av:	TL
Dato:	04.05.23
Erstattar teikn.:	

Teikningstype:  
**Søknadsteikning**

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
5357	901	1:750	C



# Detaljreguleringsplan for Melsgjerdet industriområde

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Vedtaksdato	Vedteken av:
2018004		05.09.2019	Ørsta kommunestyre

## Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet 2018004-01D, sist revidert 29.08.2019.

## §1. – FØREMÅLET MED PLANEN

Føremålet med planen er å legge til rette for næringstomter og avfallsanlegg med biogassanlegg, samt tilhørende anlegg.

## §2. FELLESFØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET

### 2.1. Privatrettslege avtaler

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldende, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler som er i strid med planen.

### 2.2. Utbyggingsavtaler

For å sikre felles eller naudsynt infrastruktur ved utbygging, kan kommunen inngå utbyggingsavtaler med grunneigarar eller utbyggarar, jf. pbl §17-2. Innhaldet i utbyggingsavtaler skal ligge innanfor rammene gitt i pbl §17-3.

### 2.3. Universell utforming

- Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle. Byggeområde, trafikkområde og offentleg tilgjengelege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Offentlege uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne lett kjem seg fram.
- Der bygning har krav til universell utforming skal det ved byggesøknad dokumenterast korleis dette er ivareteke.

### 2.4. Automatisk freda kulturminne

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast augeblikkeleg. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Om naudsynt kan fristen forlengast.

## §3. FØRESEGNER TIL AREALFØREMÅL

### 3.1. Bygg og anlegg

#### 3.1.1 Fellesføresegner for bygg og anlegg

##### Tilknytingsplikt til fjernvarmeanlegg

Med heimel i § 27-5 i Plan- og bygningslova vert alle nye bygningar innanfor område omfatta av konsesjon for fjernvarmeanlegg pålagt tilknytingsplikt.

Tilknytingsplikta gjeld ikkje bygningar som ikkje er tiltenkt varig opphald og som ikkje skal ha oppvarmingssystem. Siktemålet er at alle nye bygg innanfor konsesjonsområdet skal knytast til fjernvarmeanlegget dersom dette vert etablert med tilstrekkeleg kapasitet.

For bygningar som ligg slik til at dei ikkje kan forsynast på ein økonomisk forsvarleg måte, kan konsesjonshavaren søkje om fritak for leveringsplikta. Konsesjonshavaren skal ha høve til å kome med merknader til alle byggjesaker innanfor konsesjonsområdet.

### **Krav til byggesøknad**

#### **Situasjonsplan**

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein kotesett situasjonsplan. Denne skal vise bygningsvolum sett i samanheng med ev. nabobygg, terrengutforming, bygning i samanheng med omgjevnader, parkeringsplassar, gjerde, interne gangvegar og renovasjonsanlegg.

Utforming- og plassering av reklameskilt skal visast i byggesøknad.

#### **ROS-vurdering**

Ved etablering av tiltak som kan medføre fare for forureining skal det utarbeidast ROS-vurdering med aktuelle tiltak for å redusere risikoen for skadeleg påverknad på ytre miljø.

### **Tryggleik**

Bratte skrentar/høge skjeringar og liknande skal sikrast mot fallulykker i naudsynt grad.

### **Tomtegrenser**

Plankartet viser ikkje tomtegrenser. Det er tillate å dele tomter innanfor byggeområda.

### **Utbyggingsfasen for tomter og tekniske anlegg.**

For alle byggetiltak må det dokumenterast at det vert etablert tilstrekkelege tiltak mot partikkelavrenning til vassdrag.

### **Krav om dreneringsgrøft/kanal**

Illustrert kanal i bakkant av områda BN2, BN3 og BKB skal opparbeidast med naudsynt kapasitet for å sikre eiga tomt og nabotomter tilgang til avløp av overvatn. Grøfta/kanalen si plassering skal tilpassast skjeringa eller støttemuren si plassering på kvar enkelt tomt.

### **Handtering av overvatn og takvatn**

Overvatn og takvatn skal i størst mogleg grad handterast lokalt, t.d. ved infiltrasjon på eiga tomt. På tomtene bør det opparbeidast flater med vegetasjon i det omfang det ligg til rette for, ut frå utnyttinga av tomta.

#### **3.1.2 Næringsbygningar (BN)**

- a) I områda BN kan det førast opp bygg til industri, lager og verkstad med tilhøyrande funksjonar.
- b) Innanfor byggeområda kan det oppførast transformatorioskioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "bebygd areal" (BYA) slik: Max % BYA = 80%, inkl. parkeringsareal.
- d) Maksimal tillaten byggehøgde er 15 m for BN1, 12 m for BN2 og 20 m for BN3 og 4, målt frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget. Mindre tilbygg/påbygg for heis-/trappehus og tekniske anlegg kan i tillegg tillatast inntil 3,5 m over maks. byggehøgde på inntil 10% av bygget si takflate.
- e) Bygningar eller anlegg skal ligge høgare enn kote 30 (NN2000) for vere tilstrekkeleg trygge ved flaum frå Ørstaelva, jf. tryggleiksklasse F2 i byggteknisk forskrift.
- f) På eiga tomt skal det opparbeidast tilstrekkeleg tal parkeringsplassar for bil og sykkel.

- g) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for at det kan etablerast solcellepanel, solfangar e.l. på tak- eller veggflater.
- h) Område BN4 skal opparbeidast på ein slik måte at det ikkje vert drenert overflatevatn til område LNA i aust. Aktuelle tiltak kan vere å sikre fallretning på tomtearealet mot vest, ved etablering av fall mot slukar, eller liknande.

I byggesøknaden skal det dokumenterast at støynivå og andre aktuelle forureiningsnivå ligg innanfor dei aktuelle grenseverdiane som gjeld for tiltaket. For støy vert krava i den til ei kvar tid gjeldande utgåva av retningsline T-1442 tabell 3 gjort gjeldande.

### **3.1.3 Renovasjonsanlegg (BRE)**

- a) I området kan det førast opp bygg og anlegg til avfallsanlegg og biogassanlegg med tilhøyrande funksjonar.
- b) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "bebygd areal" (BYA) slik: Max % BYA = 80%, inkl. parkeringsareal.
- c) Maksimal tillaten byggehøgde er 20 m frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget. Mindre tilbygg/påbygg for heis-/ trappehus og tekniske anlegg kan i tillegg tillatast i inntil 3,5 m over maks. byggehøgde i inntil 10% av bygget si takflate. Piper, master og liknande kan være høgare dersom dette er naudsynt.
- d) Bygningar eller anlegg skal ligge høgare enn kote 27,5 (NN2000) for vere tilstrekkeleg trygge ved flaum frå Ørstaelva, jf. tryggleiksklasse F3 i byggteknisk forskrift.
- e) Utforminga av tomteareal og byggverk samt drifta av avfallsanlegg og biogassanlegg som vert etablert på tomta, skal til ei kvar tid følgje dei krav som er fastsett i eller i medhald av forureiningslova og gjennom konsesjon heimla i forureiningslova.
- f) På eiga tomt skal det opparbeidast tilstrekkeleg tal parkeringsplassar for bil og sykkel.
- g) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for at det kan etablerast solcellepanel, solfangar e.l. på tak- eller veggflater.
- h) I byggesøknaden skal det dokumenterast at støynivå, luktutslepp og andre aktuelle forureiningsnivå ligg innanfor dei aktuelle grenseverdiane som gjeld for tiltaket. For støy vert krava i den til ei kvar tid gjeldande utgåva av retningsline T-1442 tabell 3 gjort gjeldande.
- i) Ved opparbeiding av utomhusareal, skal fallretninga på alle flater sikre at ikkje overflatevatn drenerer til vassdraget, jf. vilkår fastsett i konsesjon etter forureiningslova for tiltaket.

### **3.1.4 Energianlegg (BE)**

I område BE kan det etablerast trafostasjon samt ein parkeringsplass for BE-området.

### **3.1.5 Kombinerte føremål (BKB)**

- a) I området BKB1 kan det førast opp bygg med tilhøyrande anlegg for:
  - Næring
    - industri
    - lager
    - verkstad
  - Kommunaltekniske anlegg
    - brannøvingsfelt
    - område for lagring og bearbeiding av reine masser



- b) Innanfor byggeområda kan det oppførast transformator kioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- c) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "bebygd areal" (BYA) slik: Max % BYA = 80%, inkl. parkeringsareal.
- d) Maksimal tillaten byggehøgde er 20 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget. Mindre tilbygg/påbygg for heis-/ trappehus og tekniske anlegg kan i tillegg tillatast i inntil 3,5 m over maks. byggehøgde på inntil 10% av bygget si takflate.
- e) På eiga tomt skal det opparbeidast tilstrekkeleg tal parkeringsplassar for bil og sykkel.
- f) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for at det kan etablerast solcellepanel, solfangar e.l. på tak- eller veggflater.
- g) I byggesøknaden skal det dokumenterast at støynivå og andre aktuelle forureiningsnivå ligg innanfor dei aktuelle grenseverdiane som gjeld for tiltaket. For støy vert krava i den til ei kvar tid gjeldande utgåva av retningsline T-1442 tabell 3 gjort gjeldande.

### **3.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

#### **3.2.1 Fellesføresegner for samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur**

- Avkøyrslar skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar.

#### **3.2.2 Veg/ avkøyrslar (SV)**

Veg/ avkøyring o\_SV4 skal berre brukast som returpunkt til hytterrenovasjon. Vegen skal dimensjonert for lastebil. Vegen kan stengast med bom. Avkøyrsla kan ikkje nyttast som tilkomst til renovasjonsanlegget (BRE).

Veg/ avkøyring f\_SV2 er felles tilkomst til SV3, renovasjonsanlegget BRE, trafoen på BE og avkøyrslar SV3.

SV3 er avkøyrslar til eigedomane i LF.

#### **3.2.3 Offentleg køyreveg, (o SKV)**

I offentlege trafikkområde kan det byggast køyreveg i samsvar med plankartet. I tillegg til vist trafikkareal kjem naudsynt areal til vegskjeringar og fyllingar.

#### **3.2.4 Offentleg fortau, (o SF)**

I offentlege trafikkområde kan det byggast fortau i samsvar med plankartet.

#### **3.2.5 Offentleg gang- og sykkelveg (o SGS)**

Nord for fylkesveg kan det etablerast gang- og sykkelveg med rabatt mot køyrebane.

#### **3.2.6 Annan veggrunn (o SVG)**

Område merka o\_SVG kan nyttast til skjæring, fylling og grøft langs veganlegget. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet. Området skal i hovudsak ligge som urørt grøntareal, men det er tillate med vegetasjonsrydding og mindre utbetring og rensing av grøfter, skjæring og fylling. Innanfor områda kan det mellomlagrast vekstmassar og lausmasser der det er føremålstenleg i anleggsperioden.



### **3.2.7 Kollektivhaldeplass (o SKH)**

Det kan etablerast kollektivhaldeplassar som vist på plankartet. Kollektivhaldeplassane skal opparbeidast i samsvar med gjeldande vegnormalar og etter prinsippa for universell utforming.

### **3.2.8 Offentleg Parkeringsplass, (o SPP)**

I områda o\_SPP kan det opparbeidast offentlege biloppstillingsplassar.

### **3.2.9 Overvassnett o SOV**

Innanfor område merka o\_SOV skal det etablerast overvasskanal med tilstrekkeleg kapasitet. Det er også avsett areal til å etablere slambasseng med tilstrekkeleg kapasitet for å førebygge utslepp av partiklar til vassdraget.

## **3.3. Grønstruktur**

### **3.3.1 Turveg (GT)**

I området GT kan det opparbeidast ein enkel turveg/tursti.

## **3.4. LNF-område**

### **3.4.1 LNF-areal (L)**

Landbruks- natur- og friluftsområde der naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden er tillate. Det skal takast vare på eit naturleg vegetasjonsbelte i ei sone på min. 15 m langs Ørstavassdraget, jf. vassressurslova § 11.

### **3.4.2 Friluftsføremål (LF)**

I området langs vassdraget er det viktige friluftsiresser og naturverdiar. Det kan ikkje gjennomførast nye tiltak jf. pbl § 1-6. Forbodet gjeld også landbruksbygg, landbruksvegar, massetak, nydyrking og treslagskifte.

Det kan ikkje drivast flatehogst i naturskog, det kan likevel utførast forsiktig tynningshogst samt hogst av kulturskog. Det skal leggest særleg vekt på å sikre ein naturleg kantvegetasjon i ei sone på min. 15 m langs vassdraget, jf. vassressurslova § 11.

Tradisjonell beitebruk er tillate.

### **3.4.3 Naturføremål av LNF (LNA)**

I området er det viktige naturverninteresser knytt til kystmyr og bevaring av elvemusling i Åmdalselva. Naturføremålet skal også sikre kantvegetasjon langs vassdraget, jf. vassressurslova § 11. Det kan ikkje gjennomførast nye tiltak som kan endre dei naturgjevne tilhøva, jf. pbl § 1-6. Forbodet gjeld også landbruksbygg og landbruksvegar.

Det er vidare forbod mot nydyrking, hogst, tilplanting og treslagskifte, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masser, utslepp av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførselar, dumping av avfall, gjødsling eller bruk av kjemiske plantevernmidel.

## **3.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag**

### **3.5.1 Naturområde**

Område vist som naturområde i vassdrag er eksisterande elv.

## **§4. FØRESEGNER TIL OMSYNSSONER**

### **4.1. Sikrings- støy- og faresoner**

#### **4.1.1 Skredfare (H310)**

I faresone H310\_1 kan det ikkje førast opp bygningar eller anlegg i tryggleiksklasse S2, med mindre det vert dokumentert tilstrekkeleg tryggleik.

I faresone H310\_2 – 4 kan det ikkje førast opp bygningar eller anlegg i tryggleiksklasse S3, med mindre det vert dokumentert tilstrekkeleg tryggleik.

I faresone H310\_5 og H310\_6 kan det ikkje førast opp bygningar eller anlegg før tomta er opparbeidd med stabile skrånningar.

#### **4.1.2 Flaumfare (H320)**

Faresone H320 omfattar område som er utsette for flaum. Jf. § 3.4.2 i denne føresegna er det forbod mot tiltak etter pbl §1-6 i store deler av området. Ved etablering av veg og bru i samsvar med planen må det dokumenterast tilstrekkeleg kapasitet/lysopning i høve flaum.

#### **4.1.3 Faresone – høgspentanlegg (H370)**

- a) I område H370\_1-3 er det fare for stråling over 0,4 µT. Det er forbod mot etablering av rom for varig opphald innanfor omsynssonene.
- b) I område H370\_1 og 4 gjeld det ein tryggleiksavstand frå ytre fase på 6m. Alle tiltak innanfor dette området skal avklarast med lineieigar. Det skal ikkje settast i verk tiltak som kan skade eller øydeleggje eksisterande høgspentanlegg eller som hindrar vedlikehaldsarbeid og tilgang til linene og mastene.

#### **4.1.4 Frisikt (H140)**

Området må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Det er forbod mot fyllingar, bygningsmessige tiltak og planting m.v. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over vegplanet.

### **4.2. Særlege omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller vern av naturmiljø eller kulturmiljø**

#### **4.2.1 Bevaring av kulturmiljø (H570)**

